

Veg i Vest



BEDRIFTSAVIS FOR VEGVESENET I HORDALAND



Nr. 1 1981 Årg. 5

Redaktør:
Ragnhild Øverland
Arnesen

Redaksjonsråd:
Josef Martinsen
Per S. Myhren
Bjørn Langedal
Konrad Ulvatn
Asbjørn Berge
Carlo Jacobsen

Opplag: 2.000

Forsidebilde:

Vegtolk på vedhogst. Det vil med andre ord seie at eit nytt anlegg er i startfasen. Denne gongen gjeld det parsellen Eidsvåg—Øvre Ervik på nordre innfartsåra til Bergen, som med tida vil betre dei kummerlege tilhøva for trafikantane på denne strekninga. Mot slutten av 1983 kan ein køyre i tunnel gjennom Selvikåsen. Karane på billetet er Einar Molland t.v. og Birger Reigstad. (Foto: V. Arnesen).

Lay-out, trykk og distribusjon:
Bergens Tidende/
J.W. Eide,
Bergen.

INNHALD:

	Side
Mållaus?	3
Vegsjefen har ordet	4
Vegdirektøren på vitjing	5
Arnanipatunnelen	8
Ny leiar for maskinavdelinga	10
— Vi skal vera eit serviceorgan	12
Forhandlingar og drøftingar	13
Meir demokrati eller liten skilnad?	15
Første pensjonistkurs i vegvesenet	17
Finn Nitter hedret	20
Ordet fritt	21
Ulykkesanalyse kan betre trafikktilhøva	23
Gatetun og miljøprioritert veg —	25
Vil man le av Arnanipatunnelen, tro?	26
Nye forskrifter for planlegginga	27
Nå har også Biltilsynet lært TA	29
Travelt og trivelig på Odda-stasjonen	30
Transaksjonsanalyse — noe for deg?	33
Samarbeid og driftsformer på Voss	35
Skjønner du hva jeg sier?	36
POU-arbeid. Lederopplæring	38
Opplæring 1980/81	39
Arbeidsmiljøspalten	40
Har vegvesenet ansvar for skader på ansattes eiendeler?	42
Sport	44
Personalnytt	46
Vi gratulerer	47

Mållaus?

Det kan verka som om ein skilde mista både munn og mæle — ja, nattesøvnen med, har vi høyrte — då den nye lova om målbruk i statstenesta vart innført frå 1. januar i år. Vi har diverre ikkje særleg medynk med dei, tvert om **kan** dette vera det som skal til for å få mange til å tenkje før dei skriv. Det er eit faktum at folk flest ikkje alltid har hatt like lett for å skjønne det offentlege etatar har spydd ut over dei av skriv og brev opp gjennom åra. Og skulda kan ein ikkje leggje på «folk flest», men på dei som skriv slik, utan å setje spørjeteikn ved kva som eigentleg står der.

Vi skal ikkje hevda at vegvesenet har vore dei verste, men vi har nok heller ikkje vore betre enn de fleste andre.

Tenk nynorsk!

Her i fylket fins det berre fire kommunar som er nøytrale når det gjeld val av målform, det er Askøy, Bergen, Odda og Sveio, resten har vald nynorsk. Det vil seie at vi alle berre må «bite i det sure eplet» (for dei som føler det slik) og la det stå til. Og så vanskeleg skulle det ikkje vera, om ein berre vil.

Nynorsk er ikkje så omstendelig og tungvint som mange vil ha det til. Setningsbyggnaden er enklare enn i bokmål, og dei fleste av dei vanskelege orda som mange gjerne kjem dragande med, kan ein berre kutte ut! Kvi for t.d. bruke **brigde** når det gjeld ei **endring**?

Nynorsk er ikkje lenger så gammaldags som mange trur. Ser ein etter i ordlista, vil ein oppdage at fleire og fleire uttrykk er blitt felleseige for dei to målformene. Du kan t.d. skrive **behov** og **foredrag** og **håpe**, og det er brukbart nynorsk alt saman.

Vi rår til at avdelingane skaffar nokre gode ordlistar (nynorsk og bokmål/nynorsk). Vi vil og peike på at det etter alt å døme vil bli arrangert brevkurs/studiegrupper i nynorsk for dei tilsette. Men for alt i verda: prøv å **tenkje** nynorsk når du skriv! Det har lite for seg å tenkje og skrive teksten ned på bokmål først, for så å setje seg ned med den nærmast håplause oppgåva å omsetje teksten etterpå! Det kan få nokon kvar til å knekkje nakken, om han/ho meiner seg aldri så stø i nynorsk.

Tenesteplikt

Plikta til å nytte begge målformer i skriftleg utforming er ei tenesteplikt, på line med andre tenesteplikter. I prinsippet er brot på denne plikta mishald av tenesteplikter og vil bli vurdert ut frå dette, heiter det i den orienteringa om mållova som Kyrkje- og Undervisningsdepartementet har sendt ut. I særskilde høve kan ein søkje om å bli fritaken frå plikta til å nytte begge målformer, men vi har våre tvil om t.d. det at ein er bergensar kan fritta ein frå denne plikta...

Forts. side 34



Ei rekkje nye oppgåver å løyse

Vi er alt langt inne i eit nytt år med nye utfordringar til oss alle. Vi er inne i ei omstillingstid, og på mange områder vil våre arbeidsforhold bli endra. Vi har fått ei ny delingslov og nye planforskrifter. Førar-opplæring i to faser er ein realitet med ei dobling av talet på nye førerkort. Vi har fått ny hovedavtale og ny lov om målbruk i statstenesta, berre for å nevne litt av alt det nye.

Dei fleste endringane vil føre til meir arbeid for vegkontoret, spesielt i innføringsperioden.

Det er på sentralt hald sett ned eit arbeidsdelingsutvalg som skal vurdere arbeidsdelinga mellom Vegdirektoratet og vegkontoret. Vi må rekne med at fleire arbeidsoppgåver blir overført frå Vegdirektoratet til vegkontora. Likevel kan vi heretter ikkje rekne med mange nye stillingar, og vi må difor innstille oss på å løyse oppgåvene med den bemaninga vi har.

Det siste året har vi gjennomført mange organisasjonsmessige endringar ved vegkontoret. Det er mitt inntrykk at vi har fått ein meir funksjonell organisasjon, som på dei fleste område gjev betre arbeidsforhold og er meir effektiv enn tidlegare.

Vi kan sikkert enno gjera det betre, og det er ei stor oppgåve for alle å leggja opp til så arbeidssparande rutinar som mogeleg. Det bør bli ein fast rutine å vurdere utkutting eller forenkling av tidlegare arbeidsoppgåver, slik at vi får tid til å ivareta og løyse nye oppgåver som vi får pålegg om.

Det er ei inspirerende oppgåve å planleggje og gjennomføre arbeidssparande tiltak i vegadministrasjonen, i det vi då blir betre i stand til å løyse nye oppgåver. Vi behøver i alle høve ikkje vere redde for at nokon skulle bli arbeidsledige, til det har vi for mange arbeidsoppgåver som ventar.

Josef Martinsen

Vegdirektøren på vitjing i Hordaland

— og opna samstundes ny rv. 14 på Stord

Den nye vegdirektøren, Eskild Jensen, vitja Hordaland i november, og vi lova i førre nummeret av «Veg i Vest» at vi ville komme attende til dette.

Vegdirektørens vitjing var ein lekk i ei presentasjonsrunde som han har teke til alle vegkontora i landet — Hordaland kom relativt langt framme i køen. Meininga var at vegdirektøren skulle ha høve til å gjere seg litt kjend rundt i fylka, og han hadde mellom anna uttrykt ønskje om å treffe tillitsvalde i tillegg til avdelingsleiarar.

Programmet i Bergen tok til med møte med fylkesmannen, med ordførar og kommunalutval i Bergen, og med fylkes-

politikarar og fylkesrådmann i Hordaland fylke.

Besøket vart her vest kombinert med opninga av den nye rv 14 mellom Førland og Leirvik på Stord, eit anlegg som for øvrig imponerte representantane frå Vegdirektoratet.

Som fleire av dei mange vegopningane i fjor, var også denne prega av eit heller utriveleg ver, og det vart så å seie mørkt før vegdirektøren kunne klippa snora. Opninga vart følgd av ei kort mottaking med informasjon om veganlegget og om kommunen i rådhuset, og etter det inviterte kommunen til middag.

Eskild Jensen tok under besøket tid til å gå rundt på kvar einskild avdeling på vegkontoret og hilse og prate med folk,



Godt lune i godt lag. Ordførar Onarheim frå Stord (t.h.) i selskap med vegsjefen og vegdirektøren.




Det høvde slik at vegdirektørens besøk i Hordaland kunne kombinerast med ei av dei mange vegopningane vi hadde i 1980. Her klipper vegdirektør Eskild Jensen snora på den nye rv. 14 på Stord.

noko vi trur alle sette stor pris på. Det kan nok bli for travelt til det ein annan gong.

I eit møte med avdelingsleiarar og til-litsvalde på avdelingane ville vegdirektø-ren gjerne vite litt om kva praksis folk hadde frå før, og kva dei var mest opp-tekne av i vegvesenet. Ulike saker kom fram, det galdt økonomi, sysselsetting,

lønsproblematikk og organiseringsplanar og - endringar. Fleire peika på problemet med at ingeniørane forsvinn frå vegve-senet når dei har fått litt røynsle, då lok-kar andre med høgare løner. Også avde-lingsdirektør Sven A. Holmsen i Vegdi- rektoratet peika på at dette er eit stort problem. Utviklinga fører til at gjenom- snittsalderen mellom ingeniørane i veg-

Vegdirektøren i samtale med økonomisk saksbehandlar Bjørnvald Fjelde.



vesenet er svært låg, og den faglege røynsla svært lita.

— Det eg sjølv er oppteken av, er mellom anna kva eg bør engasjere meg i for å fylle jobben. Det er viktig å finne ut kvar ein kan yte noko. Viktig er mellom anna vårt tilhøve til lokalsamfunnet, arealplanlegging, vegen som transportåre, transportavvikling, trafikksikring og miljøsyn, sa vegdirektøren, som med vitjinga rundt i fylka ville freiste å danne seg eit bilete av vegkontora og vegvesenet totalt.

Besøket i Hordaland vart avslutta med eit møte med dei tillitsvalde ved Vegsentralen i Rådalen.



Vegdirektøren og ein av dei som følgde frå Vegdirektoratet, avd. direktør Sven A. Holmsen. Av skiltet på døra kan ein sjå at det er damene på puncherommet dei slår av ein prat med.

OMKOM I FN-TJENESTE

Den 24 år gamle FN-soldaten Harald Holven, som nyleg døydde etter at han vart stygt forbrent i ei eksplosjonsulykke i Sør-Libanon, var ein av «våre». Han var frå Granvin i Hardanger, og jobba hos verksmeister Nordvang på verkstaden ved Rådalen Vegsentral. Nordvang fortel til «Veg i Vest» at Holven tok til der i november 1974, han tok læretida si ved verkstaden og besto fagprøva i 1976. Etter dette har han vore tilsett som fagarbeidar ved Vegsentralen, berre avbrote av vernepliksteneste og den frivillige tenesta i Libanon. Han hadde tidlegare vore ein periode som FN-soldat i Libanon, og skulle no i vår ha kome heim etter å ha avslutta andre og tredje periode, som han tok samanhangande.

Verksmeister Nordvang omtalar Harald Holven som ein staut og kjekk kar, arbeidsviljug og til å lite på. — Han må openbert ha likt tenesta i Libanon. Litt eventyrlyst dreiv han nok, men han var interessert i dette FN-arbeidet, og vi er alle lei for at det skulle få dette tragiske utfallet, seier Nordvang.


GATETUN... Forts. fra side 25

nom tettsteder. «Strategi A» er ofte konstruktivskrevende og tar lang tid, mens Strategi B i mange tilfeller ikke gir akseptable løsninger for lokalsamfunnet.

Utgangspunktet for Strategi C, der en i kortere eller lengre tid satser på å bruke eksisterende hovedveg gjennom tettsted, er at redusert hastighet ved hjelp av skiltpåbud ikke er tilstrekkelig. Andre tiltak som påvirker biltrafikken, som humper, utvidelse av

gangareal, innsnevring av kjøreareal osv. er nødvendige for å bedre tettstedsmiljøet. Kanskje særlig i de små tettstedene vil de alvorligste trafikk- og miljøproblemer som hovedvegen medfører, kunne løses ved slike tiltak. Det norske begrepet Strategi C er nå kjent og brukt blant planleggere i flere land i Europa.

For å få et mer forståelig ord på begrepet Strategi C kaller Vegdirektoratet det også Miljøprioritert veg.



Ballongslepp markerte opninga av Arnanipatunnelen. (Foto: Midtkandal).

Arnanipatunnelen – til glede for både «mjuke og harde»

Nyevegen gjev betre miljø i Arna og kortare køyreveg austover

Som vi tidlegare har nemnt, vart det uv-anleg mange vegopningar i Hordaland i 1980. I løpet av året fekk vi med dei fleste i bedriftsbladet vårt, men sjølv dei siste vekene før jul skjedde det saker og ting som er verd å ta med.

Det gjeld ikkje minst eit av dei verkeleg store anlegga, som vart opna 28. november. Den nye vegen frå Espeland til Tunes som og vert knyta saman med den nye riksveg 560 mellom Ytre og Indre Arna har vekt stor interesse og

glede. No har køyrande fått ein mykje kortare og atskilleg betre veg å køyre austover, og samstundes vart miljøet i Arna-bygda med eitt eit heilt anna då dei slapp den travle og fårlege trafikken som snodde seg mellom bustadområde og skular.

Mykje folk hadde samla seg til opninga, som Bergen kommune stod for. Her var musikk, ballongslepp, og ordførar og vegsjef køyrde saman i karjol

til den nye og flotte Arnanipatunnelen, medan Bergensflagg vaia i vinden i den bygda som nettopp hadde gått inn for å melde seg ut av Bergen.

For distriktet totalt sett er i alle høve den nye vegen ein viktig lekk, både i det lokale sambandet og i aust-vest-sambandet. (Jfr. omtale av sjølve vegaletget i førre nummeret.)

Samnanger

Ei veke seinare, 5. desember, vart den nye vegstrekninga gjennom Samnanger opna for trafikk. I alt 4,5 km ny veg er bygd mellom Haga og Ådland, inklusive Haukanestunnelen på 630 m. Også her tyder det at fleire kilometer med dårleg, smal og svingete veg, der det ofte skjedde ulykker, er borte. Dermed har sjølvsgagt også presset auka for å få ny veg utanom Tysse sentrum i arbeid sna-

rast mogleg. No er denne strekninga einaste flaskehalsen som står att mellom Bergen og Norheimsund.

Leirvåg

På tampen av året, 15. desember, fekk vi og opna ein ny ferjekai i Leirvåg i Austrheim. Leirvåg-Sløvåg-sambandet vil no ta over ein del av trafikken mellom Hordaland og Sogn, og særleg skal sambandet betre transporttilhøva i Ytre Sogn. Om ein kjem frå Bergen, har ein no valet mellom å køyre rv. 14 mellom Knarvik og Brekke i Sogn, utan ferjer, eller å nytte eit av ferjesambanda over Fensfjorden. Fer ein til Duesund, kan ein igjen velje mellom rv. 57 nordover, eller Masfjordvegen, som møter rv. 14 nær Krossleitet. Også med Leirvåg—Sløvåg-sambandet kan ein komme inn på rv. 57 til Brekke.



«På køyretyet skal storfolk kjennast» — vegsjefen og ordføraren — rygg mot rygg — fekk innvie den nye vegen i denne trivelege ekvipasjen.

(Foto: Børve, Bergen kommune).

NY LEIAR FOR MASKINAVDELINGA:

— Nei, eg har ikkje ein gong lastebilsertifikat!

Malvin Holsen set stor lit til samarbeid ut over dei tilvande grensene

Ny leiar for maskinavdelinga er, som dei fleste no veit, Malvin Holsen. Han kom attende, får vi seie, til Hordaland frå Vegdirektoratet, der han har vore i seks år. Dei siste åra har han vore på vedlikehaldskontoret, der han har hatt ansvaret for den sentrale behandlinga av vegdekkespørsmål, det vil seie det som har med tilbod og innkjøp å gjere, budjettbehandling og policy på vegdekkesida. Holsen har og vore på planavdelinga i Vegdirektoratet, og han har drive med forskning og utvikling av vegoverbyggsystem i USA etter at han hadde teke sivilingeniør-grad og såkalla Master-grad ved universitet i Sør-Dakota og Texas.

Starta i Hordaland

Og før det, så langt attende som 1968—70, var det han starta sin karriere som nyutdanna ingeniør på trafikkavdelinga ved Hordaland Vegkontor.

— Korleis kjendest det å komme attende til Hordaland?

— Her var ikkje så mange kjende andlet att, må eg seie. Her er nokre få, og det er triveleg, men no har eg ennå ikkje vore ute på planavdelinga, så eg har ikkje full oversikt. Administrasjonsavdelinga er i alle høve heilt endra sidan sist. Alt var mindre og sjølvsagt enklare organisert den gongen.

Utan lastebilsertifikat

— Maskinavdelinga har du ikkje vore innom før, trass i den breie bakgrunnen din i vegvesenet. Vert det mykje nytt for deg no?

— Det vert svært mykje nytt, men det er jo ikkje meininga at eg skal setje meg inn i alle detaljar. Dette kan dei som har jobba på dette feltet i fleire år. Eg har jo

høyrte kommentaren om maskinleiaren som ikkje har lastebilsertifikat ein gong. Det har eg ikkje heller, men det har vi då andre, dyktige folk som har? Dei er tilsett nett for å gjere den jobben.

Mi oppgave vil gå ut på å koordinere arbeidet på maskinavdelinga, å freiste å få oss alle til å jobbe saman i eit team og få det heile til å fungere.

Det stemmer og med mi oppfatning av det ein leiar skal gjera: han skal få andre til å gjere jobben, smiler Holsen.

Ut over avdelingsgrensene

— Korleis har du no tenkt deg arbeidet på maskinavdelinga?

— Så langt det er behov for det, vil eg gå inn for å justere maskinparken. Dette kan ikkje maskinavdelinga gjere åleine. Vi er ei serviceavdeling for anlegg og vedlikehald, og eg er ute etter eit samarbeid med desse for å finne løysingar som totalt sett er dei best mogelege for vegvesenet, praktisk og økonomisk.

Eg meiner det er naudsynt å sjå ut

over avdelingsgrensene og samarbeide med dei som skal bruke oss.

— Vil det skje omleggingar på avdelinga?

— Ikkje direkte, kanskje. Eg er oppteken av at kvar einiskild skal vera mest mogleg sjølvstendig i jobben, anten det er på kontoret eller ute. Kvar skal kunne ta ei naudsynt avgjerd, og avgjerda bør takast der saka verkeleg er— det er ofte ute. Føresetnaden for dette er at vi i lag drøftar retningslinjene, slik at kvar veit kva han skal gjere og kva mandat han har, og kan operere innanfor desse.

Nye idear


Den nye leiaren for maskinavdelinga har elles visse idear som han har von om å få gjennom. Mellom anna kan han tenkje seg å satse på eit såkalla «brain-storming»-seminar, der dei tilsatte på kontoret saman går gjennom eige arbeid med sjølvkritikk..

Han satsar vidare på å få i stand ein dialog på ulike nivå og ønskjer i første omgang å komme i kontakt med maskinførarane — brukarane av dei maskinane avdelinga har. Holsen tar sikte på å samle dei til møte innan dei ulike distrikta og drøfte driftsresultatet på dei ulike maskinane og meir prinsipielle spørsmål.

— Dette er ein god ide som ein av avdelingsingeniørane kom med, og eg ser faktisk dette som ein lekk av særavtalen, som m.a. nemner kommunikasjon og informasjon. Eg tykkjer det er viktig å få inn synspunkt på saker og ting, og eg vonar å nå over heile fylket med slike møte før sommaren.

Tru på samarbeid

Malvin Holsen er, som tillitsmann gjennom fleire år, og som tidlegare formann og nestformann i AMU og SU, oppteken



Malvin Holsen

av den nye avtalen om medverknad i avgjerdsprosessen. — Det er viktig å få denne nye avtalen inn i former som fungerer. Her er mykje nytt, og ein del omstrukturering må det til. Problemet vil no vere å samle alt og få det inn i ei form som gjer det matnyttig, seier Holsen.

— Eg har stor tru på samarbeid mellom dei ulike plan. Det kan få fram meir av den enorme kompetansen som ligg innebygd ute og inne i vegvesenet. Men det nye systemet må ikkje utnyttast, slik at einiskilde organisasjonar går inn for å mele si eiga kake. Medråderett kan ein etter mi mening best oppnå gjennom tiltru til kvarandre.

Prinsipielt går eg inn for å finne system slik at vi får alt dette nye til å verke, og eg vonar at vi gjennom forhandlingane no kan få dette til. Samstundes vil eg streke under at eg er open for direkte informasjon og idear om korleis vi kan gjera ting betre.

Røa

— *Vi skal vera eit serviceorgan for andre avdelingar*

- seier leiar for distriktslaboratoriet, Arnfinn Instebo, i samtale med «Veg i Vest»

Ved Hordaland Vegkontor er ein no i ferd med å bygge opp distriktslaboratorium. Denne gongen er ikke Hordaland først ute, men nr. 16 i rekkja av vegkontor med eit slikt laboratorium. Distriktslaboratoriet er no ei eigen avdeling, og leiar for den er overingeniør Arnfinn Instebo. Han har vore distriktssjef for 2. distrikt i Statens Havnevesen, som dekkjer Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

«Frå sjøveg til landeveg»

— Stor overgang frå sjøen til landjorda?

— Eg har ikkje følt det som noka stor overgang. Det einaste måtte vera at vegvesenet er så stort, her er så mange tilsette. Elles arbeider havnevesenet også med betong og stein og med sprenging både på land og under vatn, men på litt andre måtar enn vegvesenet. Det vil seie at sjølv om arbeidet fagleg sett er nytt for meg, så kjenner eg til mykje av problema likevel. Men min jobb vil nok ligge meir på det administrative planet.

— Kor mange tilsette skal du ha med deg på avdelinga?

— Førebels er vi totalt 14 med grunnboringsfolk, oppsyn, laboratoriefolk, geolog og to ingeniørar. I første omgang får vi ein ingeniør til, likevel er dette eigentleg eit minimum. Kva det vil bli til seinare, kjem an på arbeidsoppgåvene.

Arbeidsoppgåver

— Kva oppgåver skal distriktslaboratoriet ha?

— Det skal m.a. ha ansvaret for grunnundersøkingar, berevnerregistrering, materialeiting, analyse av prøver og

for kvalitetssikring på anlegg. Ved kvalitetssikring skal vi kontrollere at ein følgjer dei vedtekte normene i sjølve vegbygginga, t.d. når det gjeld massar, dekke, betong og byggjemateriale, og finne ut om alt har den kvaliteten det etter vegbyggingsnormalane skal ha.

Serviceorgan

— Dette siste kan nok vera eit litt ømtåleg punkt, peikar Instebo på. — Det er derfor viktig å streka under at vi skal vera ein rådgjevande instans i alle tenester, ikkje diktatorar. Vi skal fungere som eit slag serviceorgan for plan- og driftsavdelingane.

Til no har laboratoriet høyrte inn under planavdelinga, medan det nye distriktslaboratoriet ligg direkte under driftssjefen.

Kvalitet kostar mindre

— Korleis kan ein sjå nytten av det arbeidet distriktslaboratoriet utfører?

— Vegdirektoratet har t.d. gitt klar beskjed om at kvaliteten på vegane må bli betre. Klarer vi det, vil det ha mykje å seie for levetida på vegen, behovet for telerestriksjonar o.a. Er ikkje kvaliteten



Arnfinn Instebø

god nok, kjem det fortare slitasje og setningar, vedlikehaldet må setjast raskare inn og det må meir vedlikehald til, med det dette kostar. Til sjuande og sist kan dette bli svært dyrt, sjølv om ein kan hende klarte å spare inn nokre kronar på slutten av anlegget, då det kneip som verst.

Vi vonar at vi kan få til eit best mogleg samarbeid med brukarane våre på dette feltet, og at dei kan motiverast til å dra nytte av oss. Det er ikkje alltid like lett å få folk til å sjå nytta av kvalitetskontrollen, så det er ei oppgåve for oss å skape forståing for kva behov her er for kvalitetssikring.

— Vi har sett opp våre rammevilkår og mål i eit skriv som for tida er ute til høyring, fortel Instebø. — No får vi berre sjå korleis dei blir mottekne.

Roa.

Forhandlingar og drøftingar i staden for SU

Den nye Særavtalen skal gje meir reell medverknad i avgjerdsprosessen

Ny særavtale om medverknad i avgjerdsprosessen er innført for dei tilsette i Statens Vegvesen frå 1. januar i år. For dei fleste er det vel framleis noko uklårt kva det heile går ut på og kva det vil medføre for den einskilde.

SU ut

Det vi i alle høve veit no, er at Samarbeidsutvalet er oppløyst, og at alle utval eller grupper som har kome inn under eller er oppnemnd av dette, er trådt ut av funksjon. Mange av dei felte som låg under SU eller andre grupper, skal frå no av vera forhandlingssaker, slik at organisasjonane og leiinga skal forhandle seg fram til kva som skal skje med desse funksjonane. I einskilde høve vil det berre vera spørsmål om praktiske løysingar, i andre høve vil det kan hende vera interesse for å ta sjølve saka, dei mål ein har hatt med den og dei røynsler ein til no har gjort, opp til vurdering. Dette er no opp til dei ulike partane.

Det vi førebels veit, er at Arbeidsmiljøutvalet skal halde fram slik det er i dag, men med visse mindre avgrensingar (sjå Arbeidsmiljøspalten).

Forhandlingar og drøftingar

I Særavtalen for Statens Vegvesen er det no avgjort at medverknaden skal skje ved at tillitsmannsapparatet får utvida

rett til forhandlingar og drøftingar. Det heiter vidare at forhandlingar skal først på det planet der sakene høyrer naturleg heime og der vedkommande leiar har fullmakt frå vegsjefen til å ta ei avgjerd.

I Hordaland tek ein sikte på to forhandlingsnivå på driftssida, og eit for dei andre avdelingane. På forhandlingsnivået i utedrifta har vegsjefen bestemt at følgjande skal forhandle på vegner av han:

Anleggsavd.: Anleggsstyrar.

Vedlikeh.avd.: Vegmeister. For spesiallag som ikkje høyrer inn under vegmeister: distriktsleiar.

Maskinavd.: Ingeniør som leiar maskin- eller verkstaddrift. Han kan ev. avgjere om maskinoppsynsmann eller verkmeister kan forhandle i hans stad.

Laboratoriet: Oppsynsmannen som leiar grunnundersøkingane eller laboratoriedrifta.

Dersom sakene ikkje vert løyste lokalt, kan dei først vidare på høgare plan. Og når det gjeld ankesaker, saker som gjeld fleire arbeidsplasser eller saker av prinsipiell art, skal vegsjefen eller den han gjer fullmakt forhandle. Det same gjeld saker som er knytt til dei øvrige avdelingane, til ei eller fleire tenestemannsgrupper på fleire avdelingar.

Den som ikkje skjønar kva som er forhandlingssaker og kva som er drøftingsaker, kan slå opp i førre nummeret av «Veg i Vest», der adm. sjef Aaland tok dette opp. Under drøftingar vil partane vera på den eine sida dei administrative ledda som handsamar denne saka, og på den andre sida dei organisasjonane som har medlemmer i den verksemda eller tenestegreina det gjeld.

Første møte

Det første møtet mellom alle partane vart halde tidleg i februar. Alle organisasjonar ved Vegkontoret og Biltilsynet var representert, og alle avdelingsleirane var til

stades saman med driftssjefen. I dette møtet vart det i første rekkje den praktiske tilrettelegginga av avtalen i Hordaland som vart drøfta. Anna Maria Måge skal førebels fungere som sekretær for administrasjonen i saker som er omfatta av den nye særavtalen.

Velferdsmidlane

Fordelinga av velferdsmidlane vart teken opp på møtet og det vart i første omgang berre semje om at denne saka må takast opp i reelle forhandlingar. Saka vart teken opp meir konkret på eit seinare møte, som vart halde medan bladet var under trykking.

Forslagsordninga

Også forslagsordninga har tidlegare høyrte inn under SU's arbeidsoppgåver. Her vart ein samde om å overlata den endelege godkjenninga av framlegg til premiering til Arbeidsmiljøutvalet, som og er partssamansett.

Opplæring

Opplæringsutvalet er no ute av verda, og møtet skulle og freiste å kome fram til ei ny ordning for å dekkje desse funksjonane. Alle var samde om at ein må leggje opp til framtidretta opplæring ut frå det totale behovet for vegvesenet i Hordaland, men på dette punktet må det forhandlingar til før ein kan komme vidare.

POU-gruppa

Organisasjonssaker vil frå no av vera forhandlingssaker, og dermed var også POU-gruppa ute på vaklande føter på det nemnde møtet. POU-gruppa har etter kvart sett i gang ulike prosessar på fleire avdelingar, og det et ikkje utan vidare gitt at også dette skal stoppe opp automatisk. Partane hadde behov for fleire opplysningar om POU si verksemd før dei kunne uttale seg om dette spørsmålet, slik at saken vart utsett til neste møte.

SÆRAVTALEN:

Meir demokrati eller liten skilnad?

Kva oppfatning har så dei ulike partane av den nye Særavtalen? Vi kan ikkje rekke over alle, men har vald ut nokre få.

Ventar søg mykje

Hovudtillitsmann Jens Tveit Aga meiner at retten til å ta del i avgjerdspros-



Herman Lund.

Budsjettet

Den viktigaste årlege drøftingssaka vert budsjettframlegget, som no er klart for 1982 og skal sendast vidare til Vegdirektoratet i mars. Dette vert difor også den første drøftingssaken som vert teken opp etter dei nye reglane. Budsjettet vart drøfta i slutten av februar, og referat med moglege merknader frå møtet vil følgje saken vidare.

Føremålet med den nye særavtalen er å gi dei tilsette ein sjanse til meir reell medverknad i avgjerdsprosessen gjen-



Jens Tveit Aga

sen for dei tilsette er ein god del utvida med den nye avtalen. — Vi vonar no på meir reellt samarbeid og meir reell påverknad på det som skjer, seier ham. — Dette vil stille større krav til tillitsmennene, ikkje minst til plasstillitsmennene, etter som alle forhandlingar skal ta til på det lågaste nivået.

Dette vil og seie at demokratiet er innbygd i sjølve prosessen: Det er ikkje lenger naudsynt å gå til hovudtillitsmannen. Ein kan gå direkte inn i forhandlin-

nom organisasjonane. Dette gjeld likevel ikkje avgjerder av politisk karakter.

Forhandlingssaker kan først vidare til Vegdirektoratet, og dersom ein ikkje vert samde her, til Samferdselsdepartementet eller ei partssammensatt nemnd.

Drøftingssaker på fylkesplan kan først opp til og med Vegkontorets leiing. Generelt går ingen drøftingssaker lengre enn Vegdirektoratet.

No er det opp til partane å skape ein brukbar arbeidsreiskap av avtalen, slik at han fungerer tilfredsstellande for alle partar.

gar på arbeidsplassen. Dette vil gje tillitsmannen og dei han er vald for reell medverknad i deira eigen arbeidssituasjon. Dette kan og gje tillitsmannen ein sterkare posisjon.

— Framleis er vi noko usikre på kor dette vil føre hen, og kva for saker som skal takast opp, peiker hovudverneombud Herman Lund på. — alle høve vil den nye avtalen krevje auka engasjement, større kunnskapar om forhandlingsteknikk og betre kjennskap til systemet og dei ulike forhandlingsmekanismene for tillitsmennene. På fleire plan vil det vera naudsynt å intensivere opplæringa, ikkje berre for oss men også for dei andre partane. Den nye ordninga vil skape større innsikt og forståing for eigen arbeidssituasjon og for vegvesenets drift totalt, trur Lund.

Dei er begge spente på korleis den nye ordninga vil fungere. Begge er samde om at partane må vera smidige og syne vilje til å forhandle/drøfte dei ulike sakene. Samstundes vil det stille større krav til den som skal koordinere og samle trådane og forhandle vidare, meiner dei.

— Med den nye Hovudavtalen og det vi har oppnådd i Særavtalen ventar vi oss mykje av dette, peiker Aga på, — Men det vil sjølv sagt vera opp til den einskilde part kva vi kan oppnå, og eg trur nok det kan ta litt tid.

Ikkje så stor forskjell

Sissel Fjæreide Wiik, ELF, trur ikkje det vil bli så stor skilnad mellom det vi hadde før og den ordninga vi har fått no.

— Skilnaden er vel at vi no har fått på papiret det vi, grovt sett, har praktisert før. No er alt sett inn i eit avtalesystem som kan verka meir forpliktande for alle partar, seier ho.

— Er det fare for at den nye ordninga kan bli tungvint når ein skal forhandle og drøfte alt?



*Sissel Fjæreide
Wiik*

— Det trur eg ikkje. Men det føreset at ikkje kvar lita fillesak blir teken opp til forhandling eller drøfting.

— Vil dei store organisasjonane lettare kunne skyve dei små ut over sidelinja no, trur du?

— Det ligg nok ein liten fare i at dei store organisasjonane no lettare kan ta «bukten og begge endene», men i realiteten reknar eg ikkje med at det vil bli noko problem.

Positive sider

Ein av dei som skal sitje på andre sida av bordet, administrasjonssjef Edgar Aaland, ser også positive sider ved den nye avtalen. — Eg ser eit par vesentlege



Edgar Aaland

Første «pensjonistkurs» i vegvesenets historie

*Stort behov for den informasjonen som
«Kurs i førebuing til pensjonsalderen» kan gi*



Fornøgte damer på triveleg pensjonistkurs. Frå venstre: Gudrun Larsen, Hildur Nordahl og Johanna Hop.

Frå ulike hald har det knytt seg stor interesse til kurset i «førebuing til pensjonsalderen» som vegvesenet i Hordaland arrangerte på Solstrand 5., 6. og 7. januar i år. Det er første gongen eit slikt kurs vert halde i vegvesenet på landsba-

sis, og Hordaland hadde altså gleda og æra av å vera først ute. Det er Terje Handeland og Aud Marie Davidsen frå Biltilsynet som i fellesskap har stått for opplegget til kurset, og Terje Handeland var kursleiar.

nye punkt. Det eine gjeld forhandlingsretten som no er vedteke når det gjeld organisasjonsendringar, og det andre gjeld intern opplæring innan verksemnda. Etter mi meining er det eit framsteg at dei tilsette får meir å seie på desse punkta.

Aaland tykkjer og at den avgrensinga

som er gjort i høve til arbeidsmiljøsaker verkar positiv.

— No er det viktig å bli samde om den praktiske gjennomføringa av avtalen. Hovudsaka ved avtalen er i alle høve at vi må ta sikte på å løyse sakene på lågast mogeleg plan, og eg føler meg trygg på at dette vil fungere bra her hos oss.

Røa.

Pensjonistkurset samla i alt 22 deltakarar, dei fleste like under pensjonsalderen, men også nokre få som allereide er pensjonistar. Deltakarane kom frå drifta, så vel som frå kontorsida og frå Biltilsynet. Kurset vart opna av personalsjef Olav Baastad, som mellom anna peika på at pensjonistane bør få nytte av bedriftslegeordninga, sjølv om dei er slutta i aktivt arbeid. Vidare meinte han at dei t.d. må ha høve til å søkje hjelp av juristar, økonomar og andre i vegvesenet, kort sagt, at dei må integrerast i dei sosiale tiltaka i vegvesenet.

Førebyggje og planleggje

Nøkkelordet som stadig gjekk att i foredraga, var *førebyggje* og *planleggje*. Ein må bu seg på at ein blir eldre og planleggje tilværet etter det, ein må planleggje økonomi, aktivitet og anna og vil med det lettare kunne innrette seg på det nye tilværet. Hovedfiguren på kurset vart advokat Olav Erichsen, som gjennom mange år har vore ein forkjempar for pensjonistsaka. Han hadde sett seg føre å gjere påstanden om at pensjonisttilværet er trist, til skamme, sa han, og dette fekk han ingen vansker med. Berre alt det han sjølv hadde vore med på å bygge opp og få i stand, var prov nok på det.

Behov for informasjon

På programmet stod elles juridiske spørsmål og økonomi, og kurset synte ikkje minst at her er stort behov for betre informasjon om pensjon/pensjonsalder/pensjonsspoeng. Kursdeltakarane fekk og vite litt om korleis ein har eit hjelpeapparat i trygdekontor, legekontor og sosialkontor, og hva støtte ein kan få, t.d. til å innrette bustaden etter nye behov som kan oppstå. I samband med dette fekk ein og vite litt om kva hjelperåder som finst og korleis ein kan unngå ulykker. Fysioterapeuten kunne gje råd om korleis ein kan prøve å halde på form og kondisjon, og på programmet stod også kostspørsmål.

Ektefellen med?

Mange av kursdeltakarane sette og stor pris på det sosiale fellesskapet, som såg ut til å fungere særst godt mellom dei 22, trass i svært ulik bakgrunn i vegvesenet. I kommentarane dei etterpå gav til kurset hadde likevel mange peika på at det ville ha vore riktig om også ektefellane kunne vera med på kurset — to hugsar betre enn ein, som han sa til «Veg i Vest» etterpå, kursdeltaka Torvald Jensen frå Kleppstø. — Og til dømes dette med kosthaldet ville nok kona ha festa seg



22 interesserte og fornøgte pensjonistar og kommande pensjonistar tok del i kurset. Torvald Jensen nr. 4 frå venstre.



Frå venstre: Alfred Skålnes, Lars Egge og Olav Helland var mellom deltakarane på pensjonistkursen. Helland var også med som dømme på ein aktiv pensjonist og vart intervjuva av kursleiaren.

bettere ved, meinte han. Torvald Jensen tykkjer elles at det er stort behov for kurs av dette slaget. — Sjølv har eg følgd med litt i fagforeiningsblad og liknande, og visste noko før, men her var likevel mykje nytt å få greie på. Eg hadde stort utbyte av kurset og vil absolutt rå andre til å ta del i det, dersom dei får høve til det.

— Kva var mest interessant for deg?

— Dette med aktivitet tykkjer eg er viktig å ta med. Sjølv har eg ein del utearbeid å sysle med, men for dei som bur i byen er det vel ikkje så enkelt.

Torvald Jensen peika elles på at det sosiale aspektet ved kurset tel mykje. — Vi har alle mykje å drøfte med dei som er jamaldra, og her var det lett å bli kjend med folk sjølv om eg ikkje er av dei som har det lettast slik, sa Jensen. — Nei, dette var triveleg, og er har allereide anbefalt det til andre som har spurdt meg!

Von om fleire kurs

Kursleiar Terja Handeland kan fortelje at ein no vonar å få til eit nytt kurs, og spørsmålet om ektefellene kan bli med vil bli drøfta i samarbeid med dette. Førrebels har ein ikkje teke noka avgjerd i den saka. Terje Handeland hevdar elles,

etter å ha vore med på opplegg og gjennomføring av dette kurset, at pensjonistane i dag er ein stor, unyttet ressurs for vegvesenet. Han meiner det er på tide å sjå meir på kva gjensidig nytte ein kan ha av kvarandre, det er i hvert fall pensjonistane interesserte i. Dei har røysnle og dei kjenner namn og kan t.d. fungere som eit slag kontaktpersonar for vegkontoret, dei kan hjelpe med ting, men må og kunne be om hjelp. — Kontakt har mykje å seie, slår Handeland fast, — og denne må vi freiste å skape, og halde på.

Pensjonistforeining

I samband med at «pensjonistkurset» vart arrangert, kom det og fram at det kan vera både behov og interesse for å skipe ei pensjonistforeining. Og ettersom «Veg i Vest» førrebels er einaste plassen vi kan nå fram til alle som er pensjonerte frå vegvesenet, fremjar vi saka her: Er det interesse for eit slikt tiltak? Har nokon eit synspunkt på det? Det vil i så fall vera ulike vis å organisere det på, i alle høve med ein kontaktperson — eller fleire — på vegkontoret i Bergen. Har de synspunkt på dette, så skriv til «Veg i Vest» eller kontakt B. Langedal eller T. Handeland på vegkontoret.

Røa



Finn Nitter i hyggelig prat med Johan Sørensen. Til venstre sees Harald Larsen. (Foto: JOS)

FINN NITTER HEDRET

Etter 45 år i vegvesenet, er overingeniør Finn Nitter nå gått over i pensjonistenes rekker. Dette ble markert ved en sammenkomst den 2. januar, der en rekke av hans gamle og nyere kolleger var samlet. Også noen pensjonister var til stede.

Det hele ble ledet av vegsjefen, som blant annet så tilbake til den tiden da Nitter alene ivaretok alle funksjonene på Stord, alt fra planer til anlegg og økonomi.

